

Til medlemmene i Universitetets utdanningsutvalg

Forslag til dagsorden møte i Utdanningsutvalget – Møte 1 2023

Tidspunkt: 19. januar kl. 09:00 -12:00

Møtested: Møterom a+b, Museplass 1

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll fra UU-møte 8, 9.desember (merknadsfrist 27.12.2022)

III Skriftlige og muntlige orienteringer fra utvalgsleder og administrasjonen

- Plan for opptaksløsningene, antall videonotatrom (vedlegg)
- Handlingsplan for selvmordsforebygging i Bergen (vedlegg)

Cirka 20 minutter

- Saker til eventuelt

<i>Estimert tid</i>		
30	Sak nr 01/23 Orientering- og drøftingssak	Chat GPT
30	Sak nr 02/23 Orienterings- og drøftingssak	Prosess for studiekvalitetsmeldingen
15	Sak nr 03/23 Orienteringssak	Handlingsplan for helhetlig læringsmiljø
10		Pause
30	Sak nr 04/23 Orienteringssak	Endringer i studieforskriften v/Knut
45	Sak nr 05/23 Presentasjon (fysisk ca kl.11).	Innsiktsprosjektet v/Natasha Harkness og Vegard Moen SIKT (rapport vedlegg)
		Eventuelt

Kommende saker

Uped, SLATE: UiB AI seminar 3.februar kl.10-12 om chatGPT i Aulaen. Oppfølging i UU april-seminar.

Studentinnovasjon BEA; Gottfried Greve og Benedicte Løseth Studentinnovasjon (**februar**)

Endringer i grad- og studieforskriften (**februar**)

UiB Videre: Erfaringsbasert master i offentlig forvaltning (**mars**)

Årshjulsaker i Utdanningsutvalget i 2023:

Februar: Interne insentivmidler el.l. og Uglepris

Mars: ~~Oppretting av~~ Studiekvalitetskomite

Mars: Forsinket sensur

Mars: Årsrapport fra Studentombudet

April: UU-seminar

April: NOKUT-rapporten

April/ Mai: Orientering om planer for opptaket

Mai: Melding om internasjonalisering

September: Gjennomgang av studentrekrutteringen

September: Studiestartuken /Velkomstuken

September: Studiekvalitetsmeldingen

Oktober: Opptak og opptaksrammer

Oktober: Presentasjon av Studentparlamentets program (årshjulsak)

Oktober: Årsmelding fra Læringsmiljøutvalget

Oktober: Utdanningsutvalgets møteplan 2024

Oktober: Studieportefølje

Oktober: Forsinket sensur

November: SHoT-undersøkelsen

November: Planer for velkomstuken 2024

November-desember: – Course Evulation and Surveys (Evalkit) Løypemelding (Mars 2023)

November - desember: Oppfølging av Handlingsplan for kvalitet i utdanning

Desember: Studiekvalitetsseminar

Desember: Rapport fra digitalundervisning utøvelse

Desember: Olsens legat – Revidering av retningslinjer.

UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetets utdanningsutvalg

Ephorte:

Sak 01/23

ChatGPT

Orienterings- og drøftingssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen

Møte: 19. januar 2023

Bakgrunn

I slutten av november 2022 lanserte OpenAI samtaleroboten ChatGPT, og berre nokre veker seinare hadde den tenesta over 1 million brukarar. Bruken av kunstig intelligens i høgare utdanning har vore tilgjengeleg ei stund, men introduksjonen av ChatGPT har gjort teknologien mykje meir anvendbar i forskings-, undervisnings-, og læringsøyemed.

Samtaleroboten generer svar på spørsmål og kan mellom anna løyse matematiske oppgåver, oppsummera bøker og teoriar, samt skrive dikt, og essay. Khrono, NRK, TV2 og studvest har alle skrive om samtaleroboten ChatGPT som kan komme til å by på utfordringar for UH-sektoren. Ei av bekymringane er at studentar kan bruke ChatGPT til å skrive eksamensoppgåvene for dei. Andre igjen (Utdanningsnytt og Norges Idrettshøgskole) har hatt artiklar med fokus på korleis ChatGPT kan nyttast som eit læringsverktøy.

Samtaleroboten ChatGPT

ChatGPT (utvikla av OpenAI) er ein type kunstig intelligens (AI) og ein samtalemodell som kan gjennomføra naturleg språkbehandling. Den har ei veldig god evne til å samhandle i samtaleform og gi svar som kan verke overraskande menneskelege. Modellen er trent på store mengder tekstdata for slik å lære å generere meningsfulle svar på ulike spørsmål og halda ein samtale på ein meningsfull måte ved at den analyserer spørsmålet/inngangsteksten og lagar eit svar ved hjelp av ein kombinasjon av maskinlæringsteknikkar og statistiske metodar.

ChatGPT er basert på GPT-modellar som er trent på tekstdata frå nettet og ein del bøker. I tillegg er ChatGPT basert på InstructGPT som er blitt gitt forsterkande læring frå menneskeleg tilbakemelding ved at om lag 40 personar skreiv føretrakte svar som modellen deretter vart trent opp på og slik lærte ynskja åtferd og svar.

Moglegheita for å bruke ChatGPT til å jukse på eksamen

Som nemnt tidlegare kan ChatGPT verta brukt av studentar til å løyse oppgåver og slik bruke samtaleroboten til å svare på eksamen. Det er usikkert om bruk av ChatGPT på eksamen kan kallast juks då studenten kan jobba vidare med teksten på mange forskjellige måtar i staden for å berre klippe og lime inn eit svar generert av ChatGPT. Om studenten bruker samtaleroboten som starthjelp eller til å redigere sin eigen tekst og deretter skriva om endå ein gong, kan ein då kalla det juks? Det viktigaste er at ein som undervisar er godt kjend med teknologien og at fagmiljøa diskuterer bruken av den i sitt eige miljø.

Det har blitt gjennomført fleire testar i UH-sektoren der ein har stilt samtaleroboten spørsmål som tidlegare har blitt brukt som eksamensoppgåver og fått lange og utfyllande svar i retur. Eksempelvis syner Khrono til Høgskolen Kristiania sin test der samtaleroboten vart stilt 4 spørsmål i ulik vanskegrad. Dei fire svarea vart vurdert av ein sensor som konkluderte med at jo vanskelegare oppgåva er, desto dårlegare er svaret ein får frå ChatGPT. Svaret på den

enklaste oppgåva gav sensoren karakteren B, medan resterande svara vart vurdert til C, D og E.

Med andre ord kan samtaleroboten brukast til å generera eit svar til ståkarakter på ei eksamensoppgåve, men mogelegheita for å bruke ChatGPT varierer i ulike fag. Studvest gir fleire gode eksempel på dette der samtaleroboten generer fleire riktige svar i informatikk, medan den nokon gonger svarar feil i matematiske spørsmål.

Samtaleroboten kan som sagt gi gode svar til eksamensoppgåver, men den har likevel nokre svakheiter. Eit eksempel er at samtaleroboten aldri oppgir kjelder i nokon av tekstane. I tillegg kan også verktøyet ofte presentere direkte feil som ei sanning på ein veldig overtydande måte.

Plagiatkontrollen klarer i dag ikkje å plukke opp om ChatGPT er brukt til å svare på ei eksamensoppgåve, og kan dermed ikkje hjelpe med å oppdage om eit eksamenssvar er generert av ChatGPT eller ikkje.

Men: sidan den teknologiske utviklinga går fort, har det allereie blitt lansert eit program som kan oppdage om ein tekst er skriven av ChatGPT (polygon.com og npr.org). GPTZero vart lansert 2. januar 2023 og bruker to indikatorar («perplexity» og «burstiness») for å finne ut om ein tekst er skriven av ChatGPT eller ikkje. Dei to indikatorane måler kompleksitet og variasjon i teksten for å avgjera om teksten er generert av KI eller eit menneske.

Moglegheita for å bruke ChatGPT som eit læringsverktøy

Som nemnt tidlegare er ChatGPT eit kraftig verktøy som kan nyttast i fleire undervisnings- og læringssituasjonar. Samtaleroboten har eit stort potensiale som læringsverktøy og gir undervisnarar nye mogelegheiter til å endre og skapa nye læringsprosessar for studentane.

Fleire eksempel på dette er gitt av Utdaningsnytt og NIH. Til dømes kan ein bruke ChatGPT til å generera ei lista med opne spørsmål som er knytt til eit bestemt tema og vidare la studentane diskutera og svara ut spørsmåla i grupper eller plenum, og på denne måten vera med og fremja diskusjonar og kritisk tenkning.

Samtaleroboten kan også vera til stor hjelp for studentane i skrivinga av ulike oppgåver og essay då den kan vera behjelpelig med korleis teksten kan strukturast, men også generera andre idéar i forhold til tekstane deira og hjelp med å finne andre mogeleg formuleringar på tunge setningar.

Eit anna viktig poeng er at ChatGPT på kort tid kan skrive om veldig kompliserte tekstar og slik gjera dei lettare forstålege eller forklare vanskelege begrep på ein enklare måte, noko som kan vera veldig nyttig for både studentar og forskarar. Dette kan også vera veldig nytting for personar med lese- og skrivevanskar som slik kan få hjelp til å forstå og lesa tekstar på ein meir effektiv måte.

Ein kan også be ChatGPT om å stille ein eit spørsmål om eit bestemt tema og på den måten bruke samtaleroboten som ein studiekamerat, og sidan det er eit statisk verktøy så kan «samtalen» åpna for ny innsikt og refleksjonar hos studenten og slik få vedkommande igjen til å stille endå fleire spørsmål.

ChatGPT kan og vera til stor hjelp for forskarar, spesielt når det kjem til å strukturere forskingsartiklar og til å generera hypotesar, samt vera eit nyttig verktøy for å sjå på korleis ulike variablar kan påverke resultatata.

Det har liten betydning om vi meiner at ChatGPT er bra eller dårleg. Vi må uansett, som eit universitet, på same måte som samfunnet ellers ta høgde for korleis teknologien endrar arbeidsoppgåvene våre og diskutere fram våre retningslinjer for bruken av ChatGPT ved vårt universitet.

Spørsmål til drøfting:

- Når vil bruken av ChatGPT i eksamenssamanheng verta sett på som juks?
- Kan ein regulere bruken av ChatGPT under eksamen med tillatte hjelpemidler?
- Korleis tilpasse vurderingsformene ved UiB i lys av ChatGPT?
- Nye måtar å gjennomføre eksamen på?
- Gå tilbake til fleire sal-eksamenar eller muntlige eksamener? (Dette er i utgangspunktet en utvikling vi ønsker å gå bort fra.)
- Korleis gjere fagmiljøa og undervisarane godt kjent med verktøyet og alt det har å sei for fagområdet?

UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetets utdanningsutvalg

Ephorte: 2022/17951

Sak 02/23 Prosess for studiekvalitetsmeldingen

Orienterings- og drøftingssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen

Møte: 19. januar 2023

Bakgrunn

Handlingsplan for kvalitet i utdanning og UiBs strategi som har dannet grunnlaget for studiekvalitetsmeldingen, utløp begge i 2022. I forbindelse med den kommende lanseringen av ny strategi, og nye prioriteringer for utdanningsfeltet, er det nyttig å se på hvordan vi rapporterer på studiekvalitet internt. Det pågående NOKUT-tilsynet har også gitt mye innsikt i hvordan kvalitetssystemet vårt virker, og det vil bli et oppfølgingsarbeid her når tilsynsrapporten er klar.

Rapportering på studiekvalitet tar utgangspunkt i systembeskrivelsen som inngår i kvalitetssystemet (kap. 3), og i denne saken foreslår vi noen endringer som skal bidra til en smidigere og mer samlet prosess for studiekvalitetsmeldingen.

Endringer i prosessen frem mot den samlede studiekvalitetsmeldingen

Som tidligere starter prosessen frem mot UiBs samlede studiekvalitetsmelding med en bestilling til fakultetene i januar. I bestillingen omtales temaene som skal inngå i fakultetenes meldinger iht. systembeskrivelsen, og andre tema som fakultetene kan omtale om disse er relevante. Ved en gjennomgang av tidligere års prosesser, har vi også sett noen forbedringspunkter som er inkludert i bestillingen til fakultetene og i denne saken.

Fristen for fakultetenes meldinger fremskyndes noe, til 1. mai 2023. Dialogmøter om utdanning planlegges i overgangen mai-juni slik at vi unngår å måtte gjennomføre møter over sommeren ved eventuelle utsettelse. Se flere innspill på gjennomføring av dialogmøtene i eget avsnitt under. Vi legger også opp til at den sentrale studiekvalitetsmeldingen skal være mer spisset og noe kortere enn tidligere. I tillegg tas endringer i studieportefølje ut av studiekvalitetsmeldingen og gjennomføres som en egen prosess. Dette omtales også i eget avsnitt under.

De samlede endringene skal bidra til at den sentrale studiekvalitetsmeldingen kan legges frem for universitetsstyret på et tidligere tidspunkt enn november, slik at det blir kortere tid mellom styrebehandling og rapporteringsåret. På sikt er det aktuelt å fremskynde fristen for fakultetenes meldinger og tidspunkt for dialogmøtene ytterligere. Eventuelle endringer vil varsles god tid i forveien.

Dialogmøtene om utdanning – format og innhold

Det gjennomføres årlige dialogmøter mellom universitetsledelsen og fakultetene, der en har diskutert tema som inngår i fakultetenes studiekvalitetsmeldinger og bestillingen som gikk ut til fakultetene i forkant. Fakultetene må sikre at den samlede utdanningsledelsen stiller i disse møtene.

Tidligere har Studieavdelingen skrevet referater fra dialogmøtene, som så har blitt sendt til godkjenning hos fakultetene. Etter ønske fra flere fakulteter, foreslår vi å endre formatet fra *referat* til *oppsummering*. Dette vil både bidra til at det går kortere tid før oppsummeringene er klare, og formatet vil bedre ivareta fakultetenes perspektiv. Fakultetene kan selv velge å skrive oppsummeringen fra møtene, eller delegere dette til Studieavdelingen ved behov.

Endret tidspunkt for dialogmøter og format på oppsummering fra møtene, vil bidra til at den sentrale meldingen kan ferdigstilles på et tidligere tidspunkt.

For dialogmøtene i 2023 ønsker vi at Utdanningsutvalget diskuterer følgende:

- Hvilket formål skal dialogmøtene ha?
- Hvordan skal koblingen være mellom fakultetenes meldinger for 2022 og dialogmøtene som gjennomføres i 2023?
- Skal tema fra dialogmøtene inngå i den sentrale studiekvalitetsmeldingen?

Ny prosedyre for innmelding av endringer i studieportefølje

Tidligere ble endringer i fakultetenes studieportefølje; opprettinger og nedlegginger, meldt inn med fakultetenes studiekvalitetsmeldinger. Fristen for fakultetene har vist seg å være for tidlig til at Studieavdelingen mottok komplette oversikter over hvilke program som skal opprettes og legges ned samme år. Det er behov for en bedre koordinert innmelding til porteføljesaken, slik at vi unngår mange runder mot fakultetene, ofte kort tid før nye program skal vurderes av kvalitetskomiteen. Målet med endringene er å bidra til en mer samlet innmelding av porteføljeendringer slik at arbeidet frem mot møtet i kvalitetskomiteen og styrebehandling går smidigere.

I 2023 vil fakultetene motta en egen bestilling for endringer i studieporteføljen i mai/juni. Det vil da bli bedt om følgende opplysninger:

- Nye program som skal vurderes for oppretting samme år
- Program som fakultetene ønsker å legge ned samme år
- Program som endrer navn
- Oversikt over program som planlegges lengre frem i tid

Fra denne innmeldingen vil den sentrale læringsdesigngruppen innhente opplysninger om program som planlegges opprettet fra 2024 og senere, og ta kontakt med de aktuelle fagmiljøene for veiledning. De andre punktene vil danne grunnlaget for vurderingsmøtet i kvalitetskomiteen og inngå i saken om endringer i studieportefølje som legges frem for Utdanningsutvalget og styret i november.

Fakultetene kan likevel omtale aktuelle endringer i studieporteføljen i egne meldinger, og det er naturlig å omtale disse der endringene har sammenheng med fakultetenes satsningsområder på studiefeltet.

UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetets utdanningsutvalg

Ephorte:

Sak 03/23 Handlingsplan for helhetlig læringsmiljø

Orienteringssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen

Møte: 19. januar 2023

Bakgrunn

Læringsmiljøutvalget (LMU) har i 2022 hatt en prosess knyttet til utarbeidelsen av en ny handlingsplan som erstatter de to foregående. De siste årene har UiB hatt to handlingsplaner for læringsmiljøet: «[Handlingsplan for styrking av læringsmiljøet 2019-2022](#)» og «[Handlingsplan for inkluderende læringsmiljø og universell utforming 2020-2023](#)». Disse grenser opp mot hverandre, og LMU har foreslått at den nye handlingsplanen skal være en fusjon av de to tidligere handlingsplanene, samt at den skal vedtas med en lengre tidshorison. Handlingsplaner som vedgår læringsmiljøet ved UiB utarbeides av LMU, men vedtas av universitetsstyret. Den nye helhetlige handlingsplanen ble vedtatt i LMU i [møtet 30. november 2022](#), og skal behandles i førstkommende møte i universitetsstyret.

UiB har hatt en handlingsplan for styrking av læringsmiljøet siden 2011. UiBs handlingsplan for læringsmiljøet var den første på dette området innenfor universitets- og høgskolesektoren. Siden den gangen har de fleste utdanningsinstitusjonene vedtatt handlingsplaner på området. Det helhetlige læringsmiljøet spenner over alle forhold som påvirker studentenes forutsetning for læring, og omfatter blant annet både bygninger og fysisk infrastruktur, mellommenneskelige forhold, organisering, det digitale, universell utforming og det pedagogiske. LMUs mandat omfatter alle disse områdene, og det vises også i handlingsplanen. Handlingsplanen er ett virkemiddel blant flere for å forbedre det systematiske arbeidet med læringsmiljøet.

Prosess

I forbindelse med at tidligere handlingsplan for styrking av læringsmiljøet 2019-2022 gikk ut og skulle revideres, vedtok LMU at planen skulle slås sammen med Handlingsplan for inkluderende læringsmiljø og universell utforming 2020-2023 til en ny helhetlig handlingsplan for perioden 2023-2029. De to tidligere handlingsplanene grenset opp mot hverandre, og det ble ansett som fordelaktig å fusjonere de to planene til en helhetlig plan. I etterkant av LMU møtet 09.02.2022 ble det oppnevnt en arbeidsgruppe for utarbeiding av ny samlet handlingsplan for et helhetlig læringsmiljø 2023-2029, hvor representanter fra IT-avdelingen, Kommunikasjonsavdelingen, Eiendomsavdelingen, HR-avdelingen, Universitetsbiblioteket, Studentparlamentet, Sammen, Læringsmiljøkontaktene og Studieavdelingen ble engasjert av LMU. I forbindelse med arbeidet med handlingsplanen fikk relevante miljøer invitasjon til å komme med innspill.

I arbeidet med forslaget til ny handlingsplan for et helhetlig læringsmiljø, har arbeidsgruppen etterstrebet å ta hensyn til flere aspekter. Blant annet de tidligere handlingsplanene, UiBs ambisjoner som universitet, relevante lovkrav, samt innspill fra LMU, fakultetene, Studentparlamentet og høringsinnspill. Planen som nå legges fram for Utdanningsutvalget til orientering og skal behandles i førstkommende møte i universitetsstyret er bearbeidet i forhold til innspill.

Om handlingsplanen

Det presenterte forslaget er ulikt tidligere handlingsplaner for læringsmiljøet ved UiB. De mest vesentlige endringene er at arbeidsgruppen ikke har inkludert enkelttiltak, tidsrammer eller konkret ansvarsfordeling, og har forholdt seg til prinsippet «ingen nevnt, ingen glemt». Det er ønsket fra LMU å legge fram en strategisk og mer overordnet handlingsplan, som staker ut en retning UiB ønsker at læringsmiljøet skal ta. Gjennom dette vil UiB redusere risiko for detaljstyring av løsninger som krever fleksibilitet, og oppnå bredere forankring og eierskap til lokale løsninger. Handlingsplanen illustrerer mål som kan legges til grunn når fakultetene, enheter og avdelinger utvikler tiltak og løsninger tilpasset deres fag-, drift og ansvarsområder, framfor enkelttiltak som kan oppfattes utilpassede eller irrelevante. Handlingsplanen vil ligge til grunn i LMUs besøksrunder til fakultetene, og LMU vil årlig omtale oppfølgingen i sin årsrapport til universitetsstyret. Handlingsplanen skal evalueres og revideres etter tre år.

Saken legges med dette frem for utdanningsutvalget til orientering.

Vedlegg: Handlingsplan for helhetlig læringsmiljø

Ephorte: 2022/162

Sak 04/23 Endringer i studieforskriften

Orienterings- og drøftingssak

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: Studieavdelingen

Møte: 19. januar 2023

Bakgrunn

Utdanningsutvalet utnemnde arbeidsgruppe desember 2021, sjå [sak 63/21](#). Bakgrunnen for utnemninga var ei rekke manglar ved noverande grads- og studieforskrift. Forskrifta blei vedteken i 2012 og har vore gjennom ei rekke mindre endringar. Dette har ført til at ho har blitt relativt omfattande og vanskeleg å navigere, i tillegg til at endringane ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert heilskapen i forskrifta. I dette møtet vil Utdanningsutvalet få høve til å drøfte kapittel 1-4 i utkast til forskrift frå arbeidsgruppa. I utvalet sitt neste møte vil resten av kapitla bli drøfta før arbeidsgruppa leverer sitt endelege forslag i løpet av våren.

Arbeidsgruppa har hatt dette mandatet:

Arbeidsgruppa skal gjere framlegg om heilskapleg revisjon av grads- og studieforskrifta, som:

Tar høgde for endringar i lovverk, praksisar ved fakulteta og organisering av UiB.

- Sikrar likehandsaming av studentane.
- Forenkler regelverket slik at det blir lettare å forstå og bruke.
- Gjer det mogleg for fagmiljøa å innføre fagleg funderte ordningar og nyvinningar i undervising og vurdering.
- Avklare forholdet mellom stå-karakter etter, høvesvis, den graderte (A-F) og den ugraderte (bestått/ikkje bestått) karakterskalaen.

Arbeidsgruppa er samansett slik:

- Halvard Haukeland Fredriksen, leiar (visedekan, JF)
- Marit Øilo (visedekan, MED)
- Yael Harlap (visedekan, PSY)
- Ingrid Christensen (studiesjef, MN)
- Lise Rakner (professor, SV)
- Steinar Bøyum (instituttleiar, HF)
- Eystein Kvam (rådgjevar, KMD)
- Trine Klokkerud (studieleiar og rådgjevar, SV)
- Oscar dos Santos Kvalsvik (student, MN)
- Knut Knapskog (sekretær for utvalet, Studieavdelinga)

Trine Klokkerud har sidan slutta ved UiB, og arbeidsgruppa er blitt supplert med Ellen Vikersveen (rådgivar, HF).

I januar blei fakulteta bedne om å gi innspel om deira behov i forbindelse med den nye forskrifta. Februar blei eit tilsvarande brev sendt til pedagogiske miljø, studieprogramleiarar, studentombodet, med fleire. Svara frå innspelsrunden la grunnlaget for arbeidet med forskrifta.

Arbeidsgruppa hadde opphavleg svært korte fristar som følge av lovkrav knytt til talet sensorar som måtte vedtakast før haustsemesteret 2022. Regjeringa utsette først datoen dei

nye krava skulle gjelde frå, og vil truleg kome med eit nytt og revidert krav før sommaren 2023. For å sikre eit best mogleg resultat fekk arbeidsgruppa derfor utsette fristar.

Arbeidsgruppa leverte ein mellombels rapport til Utdanningsutvalet i juni 2022, som også inneheldt utkastet til ny studieforskrift, sjå [sak 33/22](#). Rapporten gjer greie for nokre prinsipielle og innleiande spørsmål. Mandatet til arbeidsgruppa var mellom anna at forholdet mellom vurderingsuttrykka som lova tillèt – A til F og bestått/ikkje bestått – skulle avklarast. Arbeidsgruppa sitt syn blir utdjupa og grunngjeven i rapporten.

Prorektor sendte rapporten og utkastet på høyring først som brev i slutten av august, og noko seinare på [UiB sine demokrati-sider](#). Det kom svar frå alle fakulteta, studentparlamentet, eit institutt, nokre andre einingar ved universitetet, og frå éin studiekonsulent. Summen av enkeltinnspel vart til slutt 345. Arbeidsgruppa har endå ikkje tatt stilling til alle desse, men kan allereie no slå fast at svara vil føre til ei kvalitetsheving av utkastet.

Leiaren for arbeidsgruppa har også orientert om arbeidet i læringsmiljøutvalet og for dekanmøtet.

Utkastet

Mykje av arbeidet med ny forskrift dreier seg heilt enkelt om å revidere for å implementere dei krava som lova har, og som av forskjellige grunnar ikkje er plukka opp eller som er gjennomførte på ein lite hensiktsmessig måte. Denne delen av arbeidet er av utprega teknisk karakter, og dreier seg om å klargjere dei vurderingstema som lova krev, og gir ei retning til sakshandsaminga.

I tillegg skal den nye forskrifta oppdatere regelverket i tråd med UiB sine verdiar. Det inneheld mellom anna ein føremålsparagraf. Føremålsparagrafen set ei ramme for forskrifta og er meint å styre all sakshandsaming som skjer og som har heimel i forskrifta. Utkastet sikrar også på andre måtar det faglege handlingsrommet, til dømes ved å i mykje mindre grad finregulere innhaldet i eksamensformene. Forskrifta inneheld også ei rekke forventingar som UiB har til studentane, som mellom anna skal underbygge idealet om at studentane skal integrerast i fagmiljøa og i drift og styring av universitetet.

Utkastet har ein ny struktur som skal gjere forskrifta meir brukarvenleg, både for tilsette og studentar ved UiB. Høvet for fakulteta til å vedta særordningar blir også innskrenka, slik at studentar og andre i større grad kan rette seg etter det som står i forskrifta.

Dei innleiande kapitla og prosessen vidare

Dei innleiande kapitla inneheld reglane om

- Føremål og verkeområde
- Organisering av studia
- Oppretting mv. av studieprogram, studieretningar og emne
- Studieretten

Med unntak for §§ 1-1 og 1-3 om høvesvis føremål og delegasjon, som ikkje har motsvar i [dagens forskrift](#), inneber dei fleste føresegnene i utkastet ei vidareføring av reglane som gjeld i dag. Utkastet inneber samstundes ei vesentleg forenkling av regelverket.

Vi ber utdanningsutvalet om innspel til desse kapitla i dette møtet. Vi understrekar at den vedlagte teksten er eit utkast, og nokre få av føresegnene skal diskuteras i arbeidsgruppa.

I løpet av vårsemesteret skal arbeidsgruppa levere eit endeleg utkast til Utdanningsutvalet, slik at universitetsstyret har høve til å vedta forskrifta før sommaren. Samstundes gjer vi dykk merksame på at departementet har meldt om ein lovproposisjon i juni 2023. Den skal mellom

anna ha ei gjennomgang av omgrepsbruken i lova, og dette arbeidet kan verke inn på vurderinga av når universitetsstyret bør handsame forslaget til ny forskrift.

Kapitla elles har desse titlane:

5. Tilpassing av studia og fråvær
6. Undervisinga
7. Eksamen
8. Eksamensforsøk
9. Sensur og vurderingsuttrykk
10. Grader
11. Gradsnamn
12. Vitnemål mv.

Vedlegg: Kapittel 1-4:

Forskrift om studium ved Universitetet i Bergen

Kapittel 1. Føremål og verkeområde

§ 1-1 Føremål

(1) Studia ved Universitetet i Bergen skal

- a) vere forskningsbaserte og legge til rette for studentaktiv læring
- b) ha møteplassar mellom studentar og fagleg tilsette, og sørge for at studentane blir integrerte i fagmiljøa
- c) gi opplæring i akademisk redegheheit, yringsfridom og fagkritikk
- d) gi den digitale kompetansen som er relevant for fagområdet, og
- e) gi eit godt grunnlag for læring heile livet.

(2) Eit klårt og tilgjengeleg regelverk er viktig for at studentane skal verte kjend med dei rettar og pliktar ein har som student ved universitetet, og for å sikre lik praksis på dei ulike fakulteta.

(3) Universitetet i Bergen ønsker å legge til rette for utvikling og utprøving av lærings-, undervisnings- og eksamensformer som fremjar betre læring.

§ 1-2 Verkeområde

(1) Forskrifta fastset hovudreglane for studium ved Universitetet i Bergen, innanfor rammene av universitets- og høgskulelova og sentrale forskrifter frå departementet. Utfyllande reglar er fastsette av dei einskilde fakulteta.

(2) Forskrifta gjeld for alle studium ved Universitetet i Bergen med unntak for forskar- og etterutdanning.

§ 1-3 Delegasjon

Organa som har avgjerslemyndigheit etter denne forskrifta, har høve til å delegere myndigheita vidare til underordna organ så lenge det ikkje er presisert at avgjersla må treffast av organet sjølv.

Kapittel 2. Organisering av studia

§ 2-1. Organisering

(1) Studia er organiserte i studieprogram og emne.

(2) Studieplanar og emneskildringar skal vere i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket som er fastsett av departementet, med studietilsynsforskrifta og med reglar og retningslinjer frå universitetet.

§ 2-2 Studieprogram

(1) Eit studieprogram er ei samling emne som inngår i ein heilskap med eit definert læringsutbytte. Studieprogram som ikkje er årsstudium, skal føre til ei grad.

(2) Kvart studieprogram skal ha ein studieplan som inneheld:

- a) namnet på studieprogrammet og eventuelle studieretningar
- b) talet på studiepoeng
- c) opptakskrav
- d) mål og innhald
- e) kva for kunnskap, ferdigheiter og kompetanse studentane skal tileigne seg (læringsutbytteskildring)
- f) læringsaktivitetar og undervisingsformer
- g) kva for emne som er obligatoriske og valfrie, med emneskildringar
- h) høve til og plassering av utveksling, og
- i) eventuelle reglar om rekkefølge.

§ 2-3 Emne

(1) Eit emne er den grunnleggande studieeininga.

(2) Kvart emne skal ha ei emneskildring som inneheld

- a) namnet til emnet
- b) talet på studiepoeng
- c) eventuelle forkunnskapskrav
- d) mål og innhald
- e) kva for kunnskap, ferdigheiter og kompetanse studenten skal tileigne seg (læringsutbytteskildring)
- f) undervisingssemester, -former, -omfang og -språk, læringsaktivitetar
- g) obligatorisk oppmøte og obligatoriske aktivitetar
- h) eksamensform og -semester, og vurderingsuttrykk, og
- i) andre særskilde reglar for emnet dersom dei finst, til dømes undervisingsopptak, hjelpemiddel og formelle krav til eksamen.

(3) Talet på studiepoeng for eit emne skal vere deleleg med fem. Dette gjeld ikkje for integrerte masterprogram eller for profesjonsstudia. Også i andre tilfelle kan det gjerast unntak dersom faglege grunnar talar for det, og verken omsynet til studentane sin valfridom eller ønske om tverrfaglege studium gjer det utilrådeleg.

(4) Eitt studiepoeng utgjer 1/60 av eit heilt studieår og inneber om lag 25-30 arbeidstimar for studentane.

Kapittel 3. Oppretting mv. av studieprogram, studieretningar og emne

§ 3-1 Oppretting, nedlegging og endring

(1) Universitetsstyret sjølv opprettar og legg ned studieprogram på over 60 studiepoeng.

(2) Fakultetet sjølv opprettar og legg ned

- a) årsstudium
- b) studieretningar
- c) emne

(3) Vesentlege endringar i studieprogram ved eit fakultet må godkjennast av universitetsstyret. Endringar som i realiteten inneber oppretting eller nedlegging av eit heilt fagområde blir alltid rekna som vesentlege.

(4) Fakultetet sjølv vedtar andre endringar i studieprogramma, studieretningane og emna.

(5) Vedtak etter andre og fjerde avsnitt som gjeld studieprogram og -retningar skal rapporterast til universitetsdirektøren.

(6) Organet som legg ned eit studieprogram, ei studieretning eller eit emne skal vedta ei overgangsordning for undervising og eksamen. Studentar på slike studieprogram skal få høve til å fullføre studiet i samsvar med overgangsordninga.

(7) Mindre endringar i eksisterande studieprogram, studieretningar og emne kan delegerast til organet som er ansvarleg for programmet (programstyret).

§ 3-2 Emnekodar

(1) Alle emne skal ha ein tresifra kode, etter følgjande system:

- a) 100-emner er begynneremne
- b) 200-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på bachelornivå
- c) 300-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på masternivå
- d) 600-emne er vidareutdanningsemne
- e) 900-emne er fordjupings- eller spesialiseringsemne tilpassa studentar på forskarnivå

(2) Firesifra kodar kan nyttast dersom det ikkje er fleire aktuelle emnekodar att. Systemet i første avsnitt gjeld for dei tre første siffera.

(3) Examen philosophicum, norskkurs og emne på odontologi-, tannpleie- og medisinstudiet kan fråvike frå første avsnitt.

(4) Emnekodane samsvarer med syklusane i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, men slik at både 100-emne og 200-emne høyrer til første syklus (bachelornivå).

§ 3-3 Felles studieprogram og fellesgrader

(1) Eit felles studieprogram er eit samarbeid mellom Universitetet i Bergen og ein eller fleire andre institusjonar, der alle institusjonane bidrar til programmet, men berre éin av dei tildeler graden.

(2) Ein fellesgrad er eit felles studieprogram der graden blir tildelt i fellesskap av dei deltakande institusjonane.

(3) Universitetsstyret opprettar sjølv felles studieprogram og fellesgrader. Studieprogrammet eller grada er regulert i eigen avtale.

Kapittel 4. Studierett

§ 4-1 Opptak til studium

(1) Fakultetet har ansvaret for opptaket. Ansvaret kan delegerast til Studieavdelinga og Samordna opptak. Opptaket er regulert i [Forskrift om opptak til Universitetet i Bergen](#).

§ 4-2 Studierett

(1) Studentar som er tatt opp ved Universitetet i Bergen har studierett på det studieprogram eller dei emna som opptaket gjeld. Dette gir rett til

- a) å melde seg til undervising og følge henne, få rettleiing mv., i samsvar med emneskildringa og studieplanen.
- b) å nytte andre ressursar, i samsvar med emneskildringa og studieplanen.
- c) tilgang til lokale, lesesalar mv., i samsvar med fakulteta sine reglement
- d) eksamen i samsvar med kapittel 7, og
- e) individuell utdanningsplan, jf. § 4-6.

(2) Kortvarige studierettar som ikkje er knytte til eit studieprogram gir studenten rett til å undervisings- og eksamensmelde seg til utvalde emne i eitt eller to semester.

§ 4-3 Forventningane og pliktane til studenten

(1) Studenten er forventa å

- a) oppfylle krav til akademisk redegheheit og integritet
- b) delta i undervisinga
- c) aktivt medverke i sin eigen studiekvardag og den akademiske fellesskapen
- d) setje seg inn universitetet sine reglar og retningslinjer
- e) halde seg oppdatert på kunngjeringar på program- og emnesidene på UiB sine digitale læringsplattformer, og på epostar frå universitetet, og
- f) aktivt medverke i student- og universitetsdemokratiet.

(2) Studenten pliktar å:

- a) delta i eventuelt obligatorisk studiestartsmøte
- b) semesterregistrere seg
- c) betale eventuell studieavgift, og
- d) kvart semester oppdatere og stadfeste utdanningsplanen.

(3) Fristen for andre avsnitt bokstav b og d er høvesvis 1. september og 1. februar.

(4) Brot på pliktene i andre avsnitt kan føre til tap av studieretten, sjå § 4-5.

(5) Studenten må stille med berbar datamaskin til bruk i undervising og eksamen.

§ 4-4 Semesteravgift

(1) Alle skal betale semesteravgift i dei semestera dei er eksamensmelde. Det same gjeld studentar som er tekne opp på studieprogram som er normert til 15 studiepoeng eller meir per semester, sjølv om dei ikkje er eksamensmelde.

(2) Første avsnitt gjeld ikkje

- a) for innvekslingsstudentar som etter avtale er fritekne frå semesteravgifta.
- b) for tilsette som tar emne med nær tilknytning til stillinga, inkludert pedagogisk opplæring.
- c) dersom fritak frå semesteravgift går fram av emneskildringa eller anna regelverk.

(3) Studentar som er tekne opp til studium normert til under 15 studiepoeng per semester kan velje om dei vil betale semesteravgift.

(4) Studentar i permisjon etter § 5-3 kan velje om dei vil betale semesteravgift. Eksamensmelde studentar må betale semesteravgift sjølv om dei har permisjon.

§ 4-5 Tap av studierett

(1) Fakultetet kan trekke tilbake studieretten dersom studenten:

- a) ikkje oppfyller krava etter § 4-3 (2) eller § 4-4
- b) gir melding om at hen ønsker å avslutte studiet
- c) får opptak til eit anna studieprogram ved UiB, og det ikkje er gode faglege grunnar til at fleire studierettar finst parallelt
- d) ikkje består noko studiepoenggivande emne i to semester på rad
- e) på slutten av studieåret har eit etterslep på meir enn halvparten av normert progresjon for studieprogrammet
- f) har gjort maksimalt tal eksamensforsøk i obligatoriske emne utan bestått resultat, eller
- g) har fullført studieprogrammet eller emnet som opptaket gjeld.

(2) Vedtak etter bokstavane d og e i første avsnitt skal ta omsyn til innvilga permisjonar, gyldig fråvær til eksamen eller obligatoriske aktivitetar, og vedtak om utestenging. Fakultetet kan alltid trekke tilbake studieretten for studentar som ikkje har produsert studiepoeng dei siste seks semestera, med mindre studenten har hatt lovfastsett permisjon i heile perioden.

(3) Den sentrale klagenemnda kan vedta utestenging og dermed midlertidig tap av studieretten, jf. [universitets- og høgskulelova](#) §§ 4-7 (1) og (2) og 4-8 (3).

§ 4-6 Utdanningsplan

(1) Alle som er tatt opp til eit studieprogram på 60 studiepoeng eller meir skal ha ein utdanningsplan. Andre studentar skal ha ein forenkla utdanningsplan dersom fakultetet fastset dette i utfyllande reglar.

(2) Utdanningsplanen er ein avtale mellom studenten og Universitetet i Bergen som regulerer rettar og plikter overfor kvarandre. Utdanningsplanen fastset studieløpet fram til studieprogrammet er fullført.

(3) Utdanningsplanen skal innehalde:

- a) namnet på studieprogrammet
- b) kva for emne studenten tar sikte på å fullføre; semester, rekkefølge, orientering om framgangsmåte ved endring av utdanningsplanen og val av ikkje-obligatoriske emne
- c) tidlegare utdanning som skal inngå i graden
- d) eventuell planlagt utveksling
- e) tilvisingar til regelverk som studenten pliktar å kjenne til og følge, inkludert denne forskrifta, fakultetet sine reglar, sørviserklæringar, og studieplanen, og
- f) orientering om verknaden av manglande oppfølging av utdanningsplanen, jf. § 4-5.

(4) Fakultetet skal varsle alle studentar som har eit etterslep på 30 studiepoeng eller meir om at utdanningsplanen må oppdaterast. Varselet skal sendast ut på eit fast tidspunkt kvart år. Fakultetet og studenten skal i fellesskap avgjere kva for endringar som må gjerast.

UNIVERSITETET I BERGEN

Universitetets utdanningsutvalg

Ephorte:

Sak 05/23 Innsiktsprosjektet v/SIKT

Presentasjon

Til: Universitetets utdanningsutvalg

Fra: SIKT

Møte: 19. januar 2023

SIKT ved Natasha Harkenæs og Vegard Moen vil i møtet presentere Innsiktsprosjektet IT-støtte til fremtidens læring og vurdering.

Bakgrunnen for at prosjektet i ble i gang, var behov for anskaffelse av fremtidens IT-løsninger for læring og vurdering herunder læringsmiljøplattform, digital eksamen og plagiatkontroll.

Gjennom innsiktsarbeidet har SIKT forsøkt å tegne et bilde av hvordan teknologi og jus kan støtte og utfordre læring og vurdering i universitets- og høyskolesektoren i et tiårsperspektiv. I rapporten står blant annet følgende: Vårt innsiktsarbeid tyder på at norsk UH-sektor står overfor store dilemmaer. På den ene siden etterspør sluttbrukerne enklere, mer brukervennlige, mer sammenhengende og enhetlige IT-løsninger som støtter lærings- og vurderingsprosesser. På den andre siden fremheves også behov for mer fleksibilitet og valgfrihet.

Basert på den samlede innsikten har vi gitt en overordnet anbefaling for videre arbeid med anskaffelse av IT-løsninger som i større grad kan ivareta fremtidige behov, og som også er i tråd med de strategiske føringene for digital omstilling av universitets- og høyskolesektoren. Vi håper arbeidet dokumentert i denne rapporten kan bidra til diskusjoner om veien videre som sikrer at norsk UH-sektor fortsatt leverer læring i verdensklasse.

Vedlegg: SIKTs Prosjektrapport: Innsiktsprosjekt IT-støtte til fremtidens læring og vurdering.